

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Arne Monrad Johnsen, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 18/6266-1

### **Regionalt forskingsfond Vestlandet - årsmelding 2017**

**Fylkesrådmannen rår Hovudutvalet for næring og kultur til å gje slik tilråding:  
Hovudutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget tek årsmeldinga frå arbeidet i Regionalt forskingsfond til vitande.

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Som saksordførar vert valt .....

**Vedlegg:**

Regionalt forskingsfond Vestlandet - årsmelding 2017

**Andre relevante dokument i saka:**

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

I Kunnskapsdepartementet sine «Retningslinjer for regionale forskingsfond» står det at styra for dei regionale forskingsfonda skal utarbeide årsmelding om verksemda. Meldinga skal sendast Kunnskapsdepartementet og vertsfylkeskommunane for fonda.

I fondsregion Vestlandet vert årsmeldinga sendt til alle dei tre deltakarfylkeskommunane. Praksis vidare er at denne så vert førelagt dei respektive fylkesting.

Saka legg til rette for at hovudutvalet vel saksordførarar og at saka går direkte frå utvalet til FT.